

# Ny taktekking - Ålesund Sjukehus

Helse Møre og Romsdal ber om komplett tilbud på fornying av taktekking på Ålesund Sjukehus. Tilbudet skal inkludere all rigg og drift, all transport og avfall deponering.

## 1) Tak over recovery/kantinefløy

### Singel

Eksisterande singel, anslagsvis 6-7 cm, skal først fjernast og deretter skal takpappen reingjerast godt. For å ivareta brannklasse skal det leggest 30 mm trykkfast steinull som underlag for ny tekking.

### Taktekking

Taket har et areal på ca 495 m<sup>2</sup> som skal ha ny tekking over den gamle takpappen. I tillegg er der oppbrett på ca 0,75 m bortsett frå mo ventilasjonshus der det er ca 0,15 m oppbrett. Ny tekking skal også gå over parapet/gesims der vi har dette. Den nye taktekkinga skal festast slik at det ikkje blir behov for singel. På dette taket skal det tilbydast PVC-folie t = min 1,5 mm armert med duk av glassfiber eller polyester med prega overflate for skliskring.

### Beslag

Langsgående gesimsbeslag på begge sider skal skiftes til nye, farge kvit, stål, t = 0,7 mm, skøyte med stang fals tilsvarande eksisterande beslag med dette. Leverandør er ansvarleg for å ta mål på byggeplass som grunnlag for produksjon av beslaga.

B1 – U 90/300/90 – mønt beslag med 7 grader fall til kvar side – på gesims mot nord

B2 – vekselvis U 90/450/90 l = 1,35 m og U 90/250/90 l = 1,25 m – på gesims mot sør

Beslag på gesims mot aust, samt beslag på vegg, skal berre demonterast og monterast.

### Tilpassingar

3 stk lufteør av plast Ø 70 mm med gummimansjett – skal erstattast med nye

3 stk lufteør av plast Ø 110 mm med gummimansjett – skal erstattast med nye

1 stk lufteør av metall Ø 125 mm med gummimansjett

2 stk slukar Ø 110 mm – begge skal bytast til ny (type Isola av syrefast stål, eller tilsvarande) inkl. lausamlar

1 stk firkanta stålramme med betongfundament på 0,3 x 0,3 m i kvart hjørne. Oppbrett papp ca 0,5 m

1 stk luftehatt (L1) på 0,45 x 0,45 m med oppbrett 0,15 m

1 stk luftehatt (L2) på 0,55 x 0,55 m med oppbrett 0,40 m

1 stk luftehatt (L3) på 0,50 x 0,50 m med oppbrett 0,85 m

1 stk kjøleaggregat på betongfundament på 2,80 x 1,90 m der det rundt heile sokkelen skal etablerast reife i betongen og monterast beslag over kant oppbretta taktekking, Før tekking skal det leggest isolasjon for å sikre fall bort frå fundamentet.

2 stk «renner» skal etablerast ved slukane ved at gammal isolasjon blir erstatta av tynnare trykkfast isolasjon i bredde 0,6 m og med fall mot sluk. Total lengde på renner er ca 12 m.

## **2) Tak over operasjon**

### **Singel**

Eksisterande singel, anslagsvis 6-7 cm, skal først fjernast og deretter skal takfolien (Sarnafil) reingjerast godt.

### **Taktekking**

Taket har et areal på ca 352 m<sup>2</sup> som skal ha ny tekking PVC-folie t = min 1,5 mm armert med duk av glassfiber eller polyester med prega overflate for sklisingring. I tillegg er der oppbrett på ca 0,15 - 0,35 m. Ny tekking skal også gå over parapet/gesims der vi har dette. Den nye taktekinga skal festast slik at det ikkje blir behov for singel.

### **Beslag**

Gesimsbeslag og andre beslag skal demonterast og monterast med nye skruar med pakning. Ein del av beslaga er festa med skiferstift, og disse må fjernast utan å skade beslaga. Langs ventilasjonshus må ny duk påreknast å bli sveist til eksisterande duk, då det kan bli vanskeleg å få ny duk festa opp bak beslag nedst på veggen.

### **Tilpassingar**

1 stk lufteør av metall Ø 70 mm med dukmansjett

1 stk lufteør av metall Ø 125 mm med dukmansjett

5 stk slukar – 1 stk Ø 110 mm skal bytast til ny (type Isola av syrefast stål, eller tilsvarende) inkl. lausamlar

1 stk luftehatt (L4) på 0,60 x 1,00 m med oppbrett 0,60 m

1 stk kjøleaggregat på betongfundament på 1,80 x 4,00 m der det rundt heile sokkelen skal etablerast reife i betongen og monterast beslag over kant oppbretta taktekking, Før tekking skal det lokalt leggest trykkfast steinull for å sikre fall bort frå fundamentområdet, og denne skal bygge opp inntil ca 50 mm.